



Postdoctoral Research Fellow position in Marine Microbiology

Postdoktorstilling i marin mikrobiologi

Ved Institutt for biovitenskap, Universitetet i Bergen er det ledig ei stilling som stipendiat i marin mikrobiologi. Stillinga er for ein åremålsperiode på tre år, med høve til eit fjerde år bestående av pliktarbeid (til dømes undervisning). Stillinga er knytt til det eksternfinansierte prosjektet VirVar finansiert av Norges forskingsråd.

Om prosjektet/arbeidsoppgåver:

Stillinga er ein del av forskningsprosjektet VirVar (Uncovering key players for regulation of phytoplankton function and structure: lessons to be learned from algal virus-haptophyte coexistence) som har fått finansiering frå Marinforsk programet ved NFR. Den aktuelle kandidaten vil jobba med laboratorieeksperimenter som inkluderer kultiverte algevirus - vertssystem og feltprøver for å oppnå ei grunnleggande forståing om kva for faktorar som kan vera viktige i utvikling av dei ulike formene for sameksistens mellom virus og vert og kva for effekt desse faktorane har på mangfaldet av algar og virus i havet.

Kvalifikasjonar og eigenskapar:

- Søkjarar må ha oppnådd norsk ph.d. - grad eller tilsvarende utdanning innanfor mikrobiologi molekylærbiologi, eller bioinformatikk eller ha levert doktoravhandlinga si til vurdering innan søknadsfristen er ute. Det er ein føresetnad at doktorgraden er oppnådd før tilsetjing kan skje.
- God forståing av marin mikrobiell økologi generelt og virus økologi er ein føremon.
- Erfaring frå molekylær biologi og bioinformatikk er ein føremon.
- Søkjarar må kunne arbeide sjølvstendig, strukturert og ha gode samarbeidsevner.
- Søkjarar må ha gode engelskkunnskapar, skriftleg og munnleg.

Personlege og mellommenneskelege eigenskapar vil bli lagt vekt på. Forskningsrøynsle, ambisjonar og potensial vil også telle ved vurdering av kandidatane.

Særegne krav for stillinga. Stillinga krev at kandidaten kan jobba sjølvstendig og at han/ho er engasjert i andre forskningsaktivitetar i forskingsgruppa, marin mikrobiologi ved Institutt for biovitenskap.

Om postdoktorstillinga:

Postdoktorstillinga er ei åremålsstilling og har som hovudmål å kvalifisere den som blir tilsett for arbeid i faglege toppstillingar. Åremålsperioden for denne stillinga er tre år, med høve til eit fjerde år bestående av pliktarbeid. Ingen kan tilsetjast i meir enn ein åremålsperiode som postdoktor ved same institusjon.

Søkjarar skal ved tilsetjing kome med framlegg til plan for kvalifiseringsarbeidet som inneheld ein framdriftsplan. Ved postdoktorstilling knytt til eksternt finansierte prosjekter, vil fullføring av planen for kvalifikasjonsarbeidet skje i dialog med prosjektleiar/senterleiar. Det er ein føresetnad at den som blir tilsett gjennomfører prosjektet i løpet av tilsetjingsperioden.

Vi tilbyr:

- eit godt og faglig utfordrande arbeidsmiljø
- løn etter lønnssteg 59 (kode 1352/lønnsramme 24, alternativ 3) i lønsregulativet til staten ved tilsetjing. Dette utgjør ei årsløn på kr 523 200,- brutto. Vidare opprykk skjer etter tenesteansiennitet. For særleg kvalifiserte søkjarar kan det verte aktuelt å vurdere høgare løn.
- medlemskap i Statens pensjonskasse
- gode [velferdsordningar](#)

Søknaden skal innehalde:

- Ei kort utgreiing om søkjaren sine forskningsinteresser og motivasjonen for å søkje stillinga
- Namn og kontaktopplysningar til to referansepersonar, ein av desse må vere hovudrettleiaren frå doktorgradsutdanninga
- CV
- Karakterutskriftar og vitnemål, samt stadfesting på at doktorgradsavhandlinga er levert
- Relevante attestar
- Liste over vitenskaplege arbeid (publikasjonsliste)
- Eventuelle publikasjonar

Søknad og vedlegg med attesterte omsetjingar til engelsk eller eit skandinavisk språk må lastast opp i Jobbnorge.

Generell informasjon:

Utfyllande opplysningar om stillinga kan ein få ved å vende seg til: Professor Ruth-Anne Sandaa, Institutt for biovitenskap, Universitetet i Bergen. E-post: ruth.sandaa@uib.no, Mobil: +47 91311643

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Personar med innvandrarbakgrunn og personar med nedsett funksjonsevne blir oppmoda om å søkje stillinga.

Universitetet i Bergen nyttar meirinnsyn ved tilsetjing i vitskapelege stillingar.

Opplysningar om søkjaren kan bli gjort offentlege sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje å bli ført på søkjarlista. Dersom oppmodinga ikkje blir teke til følgje, skal søkjaren varslast om dette.

Nærare om tilsettingsprosessen [her](#).

Om Universitetet i Bergen

Universitetet i Bergen er ein anerkjend utdannings- og forskingsinstitusjon, organisert i sju fakultet og omlag 54 institutt og faglege senter. Campus ligg i sentrale delar av Bergen med universitetsområde på Nygårdshøyden, Haukeland, Marineholmen, Møllendalsveien og Årstad.

Det matematisk-naturvitenskapelige fakultet består av sju institutt og en rekke sentre. [Les meir om fakultet](#) og [tilhøyrande institutt](#).

Jobbnorge-ID: 171839, Søknadsfrist: Søknadsfristen er gått ut